

Fisket stoppa på 83,8 kilo

06.09.2014

Ved overgangen til september var det slutt for årets fiske i Uskedalselva og årets kvantum vart berre 83.8 kilo. 1 400 kilo, er rekorden frå 2011. Grunnen til den dramatiske nedgangen er truleg dobbel - dels er den det fine veret og dels den at fiskereglane vart hardt innskrenka foran denne sesongen. Dei viktigaste innskrenkingane var desse:

- * Tak på antal fiskekort pr. døgnet skal vere 10
- * Maksimalt 1 fisk pr. døgnet pr. kort
- * Maksimalt 5 fiskar pr. sesong pr. fiskar
- * Elva vert stengd ved særleg liten vassføring

Det var Ove Eidsvåg som fekk den største fisken denne sommaren. Den var på 8,3 kilo og det vart teke 37 fiskar. Dei fleste var heller små.

No vert det spennande om elveeigarlaget framfor neste sesong endrar reglane att i meir 'liberal' retning eller om dei held fast på den strenge lina.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen